

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: STAVANGER UNIVERSITETSSJUKEHUS, PASIENTHOTELLET,
MØTEROM GLØDEN

MØTETIDSPUNKT: 05.02. 2019, KL. 0830 - 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Katrine Trovik	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Strømme	Medlem
Jan Oddvar Gjerde	Observatør

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det synfaring og fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF med følgjande agenda:

Slagbehandling ved SUS – observere simuleringsøving v/ klinikksjef Elisabeth Farbu
Global helse og forskning v/ Hege Ersdal og Jørgen Linde
SUS 2023

- Innleiing v/ adm. dir. Inger Cathrine Bryne,
- Status byggeprosjekt v/ prosjektdirektør Kari Gro Johanson
- Status organisasjonsutvikling v/ prosjektdirektør Kari Jøssang

Sak 001/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Det var ingen forfall frå møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Dagsorden:

Det er sett av tre kvarter til styrets kvarter i etterkant av møtet.

Saker til eventuelt:

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

- Systematisk tilnærming til samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta (OJH)
- Deltaking på føretaksmøte i Helse Vest RHF (KT)

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 002/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 11.12. 2018

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 11. desember 2018.

Sak 003/19 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Informasjonskampanje, førebygging av sjølv mord

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6. Orientering om status i arbeidet med pakkeforløp innan psykisk helsevern

Mål for innføring av pakkeforløp innan psykisk helsevern i Helse Vest:

- Auka brukarmedverknad og brukartilfredsheit:
Pakkeforløp inneber at pasienten skal få vite kva som skal skje, når det skal skje og kven som har ansvaret. Pasienten skal medverke i avgjersler om eigen behandling og oppfølging. Pårørande skal også involverast der det er hensiktsmessig.
- samanhengande og koordinerte pasientforløp:
- unngå unødig ventetid for utredning, behandling og oppfølging:
Kvar pasient får sin eigen koordinator som skal sørge for at pasienten unngår unødvendig venting og at det blir kontinuitet i behandlinga. Telefonnummer til koordinator står på helseføretaka sine nettsider.
- likeverdig tilbod til pasientar og pårørande
- betre ivaretaking av somatisk helse og gode levevaner:
Pakkeforløpa skal sikre at pasienten sin somatiske helse blir utgreia og at de får behandling om nødvendig. Ansvaret for kven som skal følge opp somatiske helse er tydeleggjort i pakkeforløpa.

Generelle pakkeforløp, første pasient tilvist 1. januar 2019

- utgreiing og behandling i psykisk helsevern, vaksne
- utgreiing og behandling i psykisk helsevern, barn og unge
- tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)

Tilstandsspesifikke pakkeforløp, første pasient kan tilvisast 15. februar 2019

- mistanke om psykoseutvikling og psykoselidingar
- utgreiing og behandling av tvangsliding (OCD)
- spiseforstyrrelsar hos barn og unge

Arbeidet med innføring av pakkeforløp innan psykisk helsevern er prosjektorganisert i Helse Vest. Helseføretaka, private leverandørar, brukarar og tillitsvalde er involvert i arbeidet. Det er etablert lokale arbeidsgrupper for implementering i alle helseføretak.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 004/19 Rapportering frå verksemda per november og desember 2018

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Desember 2018	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter	0%	0%	1,4% [•]	1,8% [•]	2,6% [!]	0,8% [•]	0,6% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	86%	82%	83%	86%	90%
Epikristid PH	100 %	100 %	88%	79%	88%	88%	96%
DRG-poeng prosentvis avvik	1,5%	1,5%	3,1% [✓]	3,3% [✓]	1,1% [•]	3,3% [✓]	4,2% [✓]
Sykefråvær	5,5%	5,5%	7,5% [!]	7,6% [!]	6,3% [•]	8% [!]	6,3% [•]

Status Desember 2018	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	2,4% [!]	1,9% [•]	3,1% [!]	2,7% [!]	1,9% [•]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	58	60 [•]	64 [•]	57 [✓]	58 [•]	59 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	60	35	35 [•]	44 [!]	36 [•]	26 [✓]	29 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	60	40	39 [✓]	41 [•]	37 [✓]	43 [•]	26 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	60	30	27 [✓]	27 [✓]	32 [•]	25 [✓]	17 [✓]

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget. Epikrise tallene for Helse Førde er per dags dato ikkje klar.

Statusen på helsefaglege indikatorar per november syner at utviklinga når det gjeld ventetider har vore rimeleg stabil i 2018, med ein svak nedgang gjennom hausten, men ligg

framleis for høgt spesielt målt mot regionale mål. Det samla talet på korridorpasientar innan somatikken har flata ut gjennomsnittleg rundt 1,3% i løpet av hausten.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	November			Hittil pr. November		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	3 083	1 129	1 954	16 116	11 584	4 532
Helse Bergen HF	28 028	9 100	18 928	76 681	100 101	-23 420
Helse Fonna HF	7 295	3 478	3 817	23 990	36 615	-12 625
Helse Førde HF	5 151	2 333	2 818	45 215	25 667	19 548
Helse Stavanger HF	5 433	6 667	-1 233	13 370	73 333	-59 963
Reservar/fellestenester/finans	23 421	22 470	950	313 343	314 194	-851
Administrasjon morselskap	-14	-706	692	13 075	700	12 375
Helse Vest IKT AS	2 113	4 827	-2 714	-6 671	-9 716	3 045
Til saman	74 510	49 299	25 212	495 119	552 478	-57 359

Alle tall i heile tusen

Ventetider

Ventetidsutviklinga per desember 2018 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområder, låg på 58 dagar, noko som er ein nedgang på 3 dagar frå førre månad. I oppdragsdokumentet for 2018 er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021.

Fristbrot

Talet på fristbrot gjekk markant ned i november og låg uendra sist månad. Særleg Helse Stavanger har redusert talet fristbrot dei seinaste månadane.

Korridorpasientar

Prosentdel korridorpasientar i somatikken har flata ut og har vore kring 1,3 -1,4 % i løpet av hausten. Det er i nærleiken av det lågaste nivået helseregionen hadde i september 2017 (1,2%) – før noro- og influensaepidemien bidrog til å skape store utfordringar i alle føretak. Innan psykisk helsevern er det framleis svært få pasientar på korridor.

Epikriser

Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju dagar etter utskriving, så har utviklinga vore rimeleg «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan psykisk helsevern og somatikk. Helse Førde og deretter Helse Bergen ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt innan sju dagar. I mars 18 klarte Helse Førde 100 % innan psykisk helsevern.

Regional epikrise-mal er ein del av prosjektkandidaten «Vel heim». Det vil vere eit samarbeid mellom prosjektet og føretaka om utarbeiding og endring av den regionale epikrisemalen som

skal sikre epikrise «i handa». «Vel heim» planlegg å vere ferdig med sitt prosjekt i løpet av 2020.

Sjukefråvær

Per desember 2018 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 7,5 %. Det sjukemeldte fråværet for november 2018 var på 6,3 %.

Frå desember 2017 til desember 2018 har både det samla sjukefråværet og sjukemeldt sjukefråvær gått ned med 0,4 % og 0,2 %.

Per desember 2018 hadde 61,83 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 62,03 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

7 124 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til januar 2019 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 4 856 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 268 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,31 %. Måtalet er på 89,30 %.

Økonomi og finans


Det samla resultatet i føretaksgruppa pr. november 2018 er kr 74,51 mill., kr 25 mill. høgare enn budsjett. Hittil i år per november er resultatet kr 495,1 mill. som er kr 57,4 mill. lågare enn budsjett. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i prognosen for året denne månaden.

Tvang i psykisk helsevern

Dei nasjonale tala viser at Helse Vest har høgast del tvangsinnleggingar med 18 prosent i 1. tert. 2018, og Helse Sør-Øst nest høgast med 17,4 prosent, landet totalt har 16,1 prosent. Det er ei negativ endring for heile landet sidan førre kvartal, delen tvangsinnleggingar har gått noko opp. Når det gjeld tvangsmiddelbruk inne i institusjon viser tala at Helse Vest har høgast del pasientar i døgnbehandling med minst eit tvangsmiddelvedtak med 8,5 prosent i 2017, medan Helse Nord har lågast, med 5,4 prosent. Gjennomsnitt i landet er 7,2 prosent. Helse Vest har no utvikla ein rapport om tvang i styringsportalen, med oppdaterte tal, og med utgangspunkt i same talgrunnlag som dei nasjonale. Helseføretaka kan no lettare følgje med på eiga utvikling i bruk av tvang.

Tvangsinnleggelser i Helse Vest

Sist oppdatert
12.11.2018



I forhold til heiltid og målet om 100 % stillingar, ønskja styret ein oversikt over kva for yrkesgrupper som har låg stillingsprosent.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2018 til etterretning.

Sak 005/19 Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2019

Oppsummering

Tysdag 15. januar 2019 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehustale».

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2019. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Som i 2018 er oppdragsdokumentet samla om tre overordna styringsmål, med tilhøyrande mål, andre oppgåver og utgreiingsoppdrag som skal løysast. Dei tre overordna styringsmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

Styret var mellom anna opptekne av nødvendig opplæring i internkontroll og risikostyring, samt å avvikle metodar som ikkje gir ønskja effekt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2019 til etterretning.

Sak 006/19 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15.01.2019

Oppsummering

Styret peika på ein skrivefeil på sum i avsnitt om auke i kredittramme, og ba administrasjonen om å ta opp dette med Helse- og omsorgsdepartementet:

«For å handtere nødvendig likviditet til betaling av pensjonspremiar, får Helse Vest RHF med dette høve til å nytte 280 mill. kroner frå premiefond til premiebetaling i 2019. Vidare vert driftskreditramma til Helse Vest RHF auka med 634 mill. kroner frå 215 mill. kroner til 549 mill. kroner ved utgangen av 2019.»

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 15. januar 2019 til etterretning.

Sak 007/19 Konsernbudsjett 2019, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 11. desember 2018 sak 127/18 B Inntektsfordeling og resultatkrav 2019. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2019:

INNETKTSFORDELING 2019	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 031 678	969 116	3 198 130	656 713	357 762	-	7 213 400
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 999 987	2 113 470	5 903 822	1 763 487			13 780 766
Kvalitetsbasert finansiering	20 081	9 939	43 811	9 569			83 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	323 545	186 196	820 447	168 509	426 432	3 420 165	5 345 294
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	9 799	7 579	31 742	20 425			69 546
SUM, inntekt 2019 fordelt frå RHF	6 385 090	3 286 300	9 997 952	2 618 703	784 195	3 420 165	26 492 406

Resultatkrav

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehusapoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2019	90 000	40 000	120 000	36 000	7 000	1 000	150 000	444 000

Helseføretaka har med basis i sak 127/18 B behandla og vedtatt sine budsjett for 2019 i dei respektive styra.

Helse Vest RHF legg med basis i helseføretaka sine vedtak for budsjett 2019 no fram sak om konsernbudsjett 2019 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka tar og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i sak om inntektsfordeling 2019. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 127/18 B som no er innarbeidd i inntektsfordelinga.

Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette (Bente Pilskog, Lise Strømme og Tom Guldhav) hadde følgjande protokolltilførsel i saka:

«I forslaget til vedtak, punkt 6 ber ein om at helseføretaka avdekkar alle risikoområde for å nå resultatkrava. Ein ber også om at det blir sett i verk tiltak i tilstrekkeleg omfang med god kvalitet og at tiltaka blir fordelt ned på lågaste nivå med ansvarlig leiar.

Vi er uroa for utviklinga og det stadig aukande presset på medarbeidarar og leiarar. Det er ytra om endringstrøttheit og spørsmål til korleis gevinstar skal realiserast. Endringar og omstillingar i føretaka som konsekvens av effektivisering må sjåast i samanheng med arbeidsmiljø og pasienttryggleik, det må vere særskilt fokus på risikovurderingar og det er avgjerande at medarbeidarar og leiarar får opplæring som sikrar rett kompetanse når de får nye oppgåver og det blir innført nye system.

Myndigheitskrav og oppdragsdokumentet legg føringar for utvikling og aktiviteten i spesialisthelsetenesta. Ein avgjerande føresetnad for å nå dei politiske målsettingane er at sektoren blir gitt dei nødvendige økonomiske rammer.

Vi har derfor store forventningar til den nye regjeringsplattforma som adresserer investeringsregimet i spesialisthelsetenesta i dette punktet:

«Legge bedre til rette for investeringer i sykehusbygg og ny teknologi gjennom å vurdere endringer i investeringsordningene for sykehus, herunder lengre nedbetalingstid, rentebetingelser og låneordningen.»

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramme for 2019 som blei vedtatt under sak 127/18 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2019 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2019 - sak 127/18 B	6 385 090	3 286 300	9 997 952	2 618 703	4 204 360	26 492 405
Justeringar av inntektsramme frå staten:						
Investeringstilskot til protosenter			37 000			37 000
TR evaluering SIFER					2 000	2 000
Forsøksordning tannhelseteneste	300		2 600			2 900
Styrkje tilskot til vidareutvikling av avansert hjemmesjuehus for barn					4 000	4 000
Nasjonalt program screening kolorektal kreft					3 000	3 000
Medisinske undersøkingar på barnehusa - auke					2 300	2 300
Omlagging arbeidsgiveravgift		-20		-64		-84
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					489	489
Kvalitetsbasert finansiering	-10	-6	-20	-6		-42
Medisinske kvalitetsregistre					-193	-193
Endring basisramma frå staten - redusert apotekavanse					-2 740	-2 740
Endringar i inntektsfordelinga						0
Omlagging fylkesandeloppgjjer laboratorie	24 661	14 160	34 468	9 091	-82 380	0
Nasjonale kompetansenester	-36		-342		355	-23
Transporttilbod psykisk sjuke	1 343	675	1 705	393	-4 116	0
Prostataentre	1 781		1 781		-3 562	0
Intensiv språktrening	2 900		4 100		-7 000	0
Prosjekt medikamentfri behandling			3 143		-3 143	0
Nasjonale behandlingstenester			3 600		-3 600	0
Landsdekkende modell for rettspsykiatri			1 100		-1 100	0
Sum endringar	30 939	14 809	89 135	9 414	-95 690	48 607
Oppdatert inntektsfordeling 2019	6 416 029	3 301 109	10 087 087	2 628 117	4 108 670	26 541 012

2. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak:

INNETKTSFORDELING 2019	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 031 678	969 116	3 198 130	656 713	357 762	-	7 213 400
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 999 987	2 113 470	5 903 822	1 763 487			13 780 766
Kvalitetsbasert finansiering	20 071	9 933	43 791	9 563			83 358
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	354 230	201 031	869 244	177 994	430 932	3 319 975	5 353 405
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 063	7 559	72 100	20 361			110 084
SUM, inntekt 2019 fordelt frå RHF	6 416 029	3 301 109	10 087 088	2 628 118	788 695	3 319 975	26 541 013

3. Resultatkravet for 2019 blir fastsett som følgjer:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2019	90 000	40 000	120 000	36 000	7 000	1 000	150 000	444 000

4. Investeringsbudsjettet for 2019 blir fastsett som følger:

Samandrag investeringar (Budsjett 2019)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	975 000	567 000	840 000	211 300				2 593 300
Medisinteknisk utstyr	209 000	20 000	177 000	23 000				429 000
IKT				2 800		410 000		412 800
Anna	51 000	10 000	131 000	10 000	36 500			238 500
Sum investeringar 2019	1 235 000	597 000	1 148 000	247 100	36 500	410 000	0	3 673 600

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2018 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka.

5. Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettamma.
6. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

Sak 008/19 Budsjett 2019 for Helse Vest RHF – Administrasjonen

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2019 blir lagt fram innan den kostnadsramma som går fram av styresak 007/19 Konsernbudsjett 2019.

Styret i Helse Vest vedtek under styresak 007/19 Konsernbudsjett 2019, inntektsramme for helseføretaka. Det er i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på kr 130,62 mill. inkl. lønns- og rekneskapssenteret (LRS).

Tabellen under viser ei oversikt over årsverka i dei regionale helseføretaka:

Årsverk i dei regionale helseføretaka	Årsverk 2018
Helse Nord RHF	72
Helse Midt RHF	97
Helse Sør-Øst RHF	165
Helse Vest RHF	58

Administrerende direktør tilrår budsjetttramma i tabellen under for 2019:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2018	123 961
Deflatorjustering	2 975
Administrasjonsbudsjett 2019	126 936
Effekt av 3 nye årsverk	3 685
Administrasjonsbudsjett 2019 inkl. 3 årsverk	130 621

Lønns- og personalkostnader

Helse Vest administrasjonen foreslår å auke nivået på tal årsverk i 2019 med 3 nye årsverk, til 61 årsverk. Dei nye årsverka skal leggst til:

Økonomiavdelinga

Innføring av SAP vil direkte føre til auka behov for regional koordinering innan verksemdsstyring. Det er i tillegg behov for auka ressursar innan finans- og investeringsområdet. For å handtera dette treng avdelinga eit nytt årsverk. I tillegg til dette vil heile avdelinga innføre nye system og prosessar i år og vi vil derfor vurdere organiseringa av avdelinga denne våren. I samband med dette kan de bli behov for å endre oppgåver samt utvide stillingsramma noko.

PO avdelinga

Avdelinga treng større kapasitet innan kompetanse- og data/analyseområdet og ber derfor om to nye årsverk.

Revisjonsutvalet hadde møte 4. februar 2019, og behandla budsjettet for internrevisjonen. Revisjonsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtar budsjett 2019 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtar budsjett 2019 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Sak 009/19 Sluttrapport – oppfølging av styrevedtak 32/18 om regional plan for revmatologi i Helse Vest

Oppsummering

Styret i Helse Vest vedtok i sak 32/18 den 7. mars 2018 at revmatologitilbodet i regionen skal leggst om. Arbeidsgruppene som no har levert sluttrapport, hadde i oppgåve å sjå på følgjande endringar:

- Revmatologitilbudet i Helse Stavanger skal byggast opp, slik at Helse Stavanger i all hovudsak sjølv kan ta hand om pasientar frå Sør-Rogaland med revmatisk sjukdom. Oppbygginga startar frå 2019 med ei gradvis opptrapping for å legge til rette for utdanning av revmatologar i Helse Stavanger. Stadig fleire pasientar vil derfor få tilbod i Helse Stavanger, fram til eit heilskapleg revmatologitilbod skal vere bygd opp i Helse Stavanger i 2024/2025. (Jf. styrevedtakspunkt 2 a og b.)
- Alle føretaksområda skal innan utgangen av 2020 ha eit tilbod til barn og unge med revmatisk sjukdom. Ved behov for særskilt kompetanse skal tilbodet i Helse Bergen nyttast. Fram til Helse Stavanger har bygd opp eit heilskapleg revmatologitilbod i 2025, skal føretaket nytte tilbodet for barn og unge i Helse Bergen. Etter omlegginga skal pasientgruppa ha eit likeverdig tilbod i heile regionen, organisert på lik linje med anna pasientbehandling i regionen. (Jf. styrevedtakspunkt 4.)
- Ein liten del av revmakirurgien, dei heilt spesialiserte inngrepa, blir regionaliserte, og inngrepa skal gjennomførast i Helse Bergen. Andre vanlege operative inngrep pga. revmatisk sjukdom, skal utførast i alle helseføretaksområda. (Jf. styrevedtakspunkt 3.)

Mandatet til arbeidsgruppene dreidde seg om korleis dei vedtekne endringane kan setjast i verk på ein trygg måte. I samsvar med styrevedtakspunkt 6 er det gjennomført ROS-analyse av omlegginga.

Arbeidet blei organisert i tre arbeidsgrupper knytt til ulike delar av styrevedtaket:

- Oppbygging av revmatologitilbod i Helse Stavanger
- Omlegginga av revmatologitilbod for barn og unge
- Endring i organisering av revmakirurgi

Det er gjennomført ROS-analysar og utarbeidd tiltaks- og framdriftsplan for omlegginga av revmatologitilbudet. Gjennom ROS-analysane blei det identifisert risikoreduserande tiltak, som blir spegla i tiltaks- og framdriftsplanen. Resultatet frå arbeidet legg grunnlaget for at omlegginga kan implementerast på ein trygg måte i sjukehusa i regionen.

Omlegginga inneber at pasientgrunnlaget for revmatologitilbudet ved Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus vil bli gradvis redusert i perioden fram til 2025, i takt med at Helse Stavanger skal bygge opp tilbodet for pasientar som bur i Sør-Rogaland.

Iverksetting i samsvar med tiltaks- og framdriftsplan, basert på gjennomførte ROS-analysar, legg grunnlaget for at omlegginga av revmatologitilbudet i regionen kan implementerast på ein trygg måte i sjukehusa i regionen.

I samsvar med vedtak i sak 32/18, skal det leggjast fram ei ny styresak med status for omlegginga i 2022/23.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret legg til grunn at sluttrapporten Oppfølging og implementering av styrevedtak om regional plan for revmatologi i Helse Vest, blir retningsgivande for det vidare arbeidet.

2. Omlegginga av revmatologitilbodet i sjukehusa i Helse Vest, jf. styrevedtak 32/18, skal skje i samsvar med tiltaks- og framdriftsplan, basert på gjennomførte ROS-analysar.
3. Helse Vest RHF skal følge med på at iverksettinga i sjukehusa skjer i samsvar med planen.
4. Det regionale fagnettverket for revmatologi får i oppdrag å bistå Helse Vest RHF med å følgje med på iverksettinga. Helseføretaka og HSR skal delta i nettverket. Helse Bergen blir bedt om å leie nettverket.

Sak 010/19 Nasjonale kvalitetsindikatorar per 2. tertial 2018

Oppsummering

Samanlikna med dei tre andre helseregionane skårar Helse Vest framleis høvelig godt på dei nasjonale kvalitetsindikatorane som er publisert for 2. tertial 2018. På helseregionnivå skårar Helse Vest samla «lågast» på 11 indikatorar og «høgast» på 25 av dei totalt 77 nasjonale kvalitetsindikatorane som blir presentert i denne styresaka. I 1. tertial 2018 var tala høvesvis 10 og 26 av 67 indikatorar.

Dei indikatorane som Helse Vest skårar lågast av regionane på i 2. tertial 2018 er: ein av antibiotika delindikatorane, prosentdelen pasientar med kronisk nyresvikt som får heimedialyse, prosentdelen nye pasientar innan pakkeforløp for lymfom, to av dei organspesifikke kreftforløp indikatorane, prosentdelen tvangsinnleggingar innan psykisk helsevern for vaksne, epikrisetid, begge fristbrot indikatorane og gjennomsnittleg ventetid for behandla innan somatikken og prosentdelen avbrotne behandlingsopphald innan TSB.

Indikatorane med låg skår eller stor variasjon blir følgt op i oppfølgingsmøta med HF-a. Styret peika på viktigheita av læring på tvers både mellom HF i eigen region og nasjonalt. Område med vesentleg avvik frå forventa resultat må følgjast tett.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok tertialrapporteringa per 2. tertial 2018 til orientering.

Sak 011/19 Sal av eigedom i Helse Stavanger HF

Oppsummering

Saka gjeld sal av to eigedomar Helse Stavanger har motteke som testamentarisk gåve.

Administrerande direktør tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomane.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til sal av egedomen Vardeneset 4a, gnr. 28 bnr. 3034 i Stavanger kommune og egedomen Østestadbakken 1, gnr. 109 bnr. 25 i Lindesnes kommune.
2. Styret føreset at egedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

Sak 012/19 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2018

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Årsrapporten viser at revisjonsutvalet og internrevisjonen sitt arbeid i 2018 er i samsvar med plan for internrevisjon for perioden.

Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 12.12.2018 og gjorde slikt vedtak:

Revisjonsutvalet godkjenner årsrapporten og rår styret i Helse Vest til å ta årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2018 til orientering.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2018 til orientering.

Sak 013/19 Plan for internrevisjon 2019 – 2020

Oppsummering

Revisjonsutvalet behandla saka i møte 12.12.2018. Følgjande er protokollert frå møtet:

Oppsummering:

Planen for kommande to års periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna innspel frå føretaka og andre sentrale interessentar. Eit planutkast med tilrådingar låg vedlagt saka saman med innspel frå føretaka i fulltekst.

Utvalet drøfta det framlagte plangrunnlaget og sa seg nøgd med den prosessen det har vore i forkant av planforslaget. Det framkom semje om at vi tar med oss dei tema som ligg i gjeldande plan, og at dei nye prosjekta viser ein god balanse, og at ein har lytta av dei innkomne innspela. Det vart kommentert at det ikkje på fleire år har vore prosjekt knytt til økonomistyringa i føretaka, og det i ei tid med stadig strammare økonomi, ikkje minst som følgje av den aktive byggeaktiviteten i helseføretaka dei kommande åra. Utvalet ønskjer å notere seg dette fram mot neste rullering.

Til punktet om samfunnsansvarleg handel vart det kommentert at ein burde innarbeide klima som element i revisjonen. Utvalet merkte seg at dette prosjektet vil kunne få eit grensesnitt mot det nasjonale føretaket Sykehusinnkjøp.

Av drøftinga kom det vidare fram at ein bør arbeide med ei avgrensing av tematikken knytt til legemiddelberedskap, slik at ein tar omsyn til dei andre initiativa som går føre seg regionalt og nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2019-2020.

Helseføretaka, Helse Vest IKT, konserntillitsvalde og konsenhovudverneombod og brukarutvalet har gitt sine innspel til planen.

Tre internrevisjonsprosjekt blir ferdigstilt tidleg i 2019, altså i planperioden:

- Avansert oppgåveplanlegging
- Internkontroll og risikostyring
- Byggjeprojektet BUS1 i Helse Bergen

To prosjekt i gjeldande plan starter opp ved årsskiftet 2018/2019:

- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Administrasjon av pasientar på venteliste

Tre prosjekt i gjeldande plan blir rullert vidare inn i ny planperiode.

- IKT-tryggleik
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Bruk av avtalespesialistar

Fire nye tema blir prioriterte inn i denne planrevisjonen:

- Legemiddelberedskap
- Samfunnsansvarleg handel
- Mottaksmodellen i Bergen
- Variasjon i bruk av helsetenester

Praksis er at internrevisjonen avklarar rekkefølga på prosjekta med revisjonsutvalet.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente forslaget til ny plan for internrevisjon 2019-2020.

Sak 014/19 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.10. 2018

Oppsummering:

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 1. oktober 2018.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 12. desember 2018.

Leiar av revisjonsutvalet orienterte også om at revisjonsutvalet hadde møte 4. februar. I dette møtet ble 2 revisjonsrapportar behandla. Desse rapportane blir lagt fram for styret i neste styremøte:

- Rapport frå internrevisjonen om avansert oppgåveplanlegging
- Rapport frå internrevisjonen om BUS 1 i Helse Bergen HF

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 01.10.2018 til orientering.

Sak 015/19 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå første møte i nytt regionalt brukarutval. Utvalet har ny leiar og nestleiar. Inkludert leiar er det 5 nye medlemmer i utvalet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 016/19 Eventuelt

Systematisk tilnærming til samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta (OJH)

Administrerende direktør orienterte om at det er sett ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ein overordna intensjonsavtale mellom Helse Vest og KS vest. Intensjonsavtalen skal vere ambisiøs og gi retning for samhandling vidare.

Intensjonsavtalen skal godkjennast i juni 2019.

Saka vil bli lagt fram for styret i juni 2019.

Deltaking på føretaksmøte i Helse Vest RHF (KT)

Styret diskuterte deltaking på føretaksmøte i Helse Vest RHF.

Styreseminar for alle RHF-styra

Det blir styreseminar for alle RHF-styra 13. – 14. mai. Det er Helse Midt som er arrangør for samlinga.

Skriv og meldingar

Skriv 01 - Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 031218 - Rapportering frå verksemda pr. oktober 2018

Skriv 02 - Brev frå Regionalt brukarutval til Helse Vest RHF, 121218 - Innspel til ny revmatologi i Helse Vest

Skriv 03 – Brev frå Helse Vest RHF til Regionalt brukarutval, 211218 – svar på innspel

Skriv 04 – Brev frå FFO Rogaland til Regionalt Brukarutval, 101218 - oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2019-2021

Skriv 05 - Brev frå FFO Rogaland til Helse Vest RHF, 181218 - svar på brev om oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2019-2021

Skriv 06 Møtereferat frå Regionalt brukarutval 101218

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Til oversikten over styresaker under arbeid:

- Sak om intensjonsavtale mellom, Helse Vest og KS vest i juni 2019

Ref. 05.02.2019 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Katrine Trovik	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Tom Guldhav	Medlem